



## ÅRSRAPPORT 2020

# KLAGENEMNDA VED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

## Innleiing

Klagenemnda si verksemd er heimla i universitets- og høgskulelova (uhl.) § 5-1:

*" Universiteter og høyskoler skal opprette en klagenemnd som skal behandle klager over enkeltvedtak og, etter styrets bestemmelse, andre klagesaker for kandidatene."*

## Mandat

Klagenemnda sitt mandat er gitt i instruks vedteke av interimstyret i sak 51/16 (22-12-16), revidert av styret i sak 30/20 (18-06-20).

«Klagenemnda behandler følgende saker:

- Klager over enkeltvedtak, jf. universitets- og høyskolelovens (uhl.) §§ 5-1 (1) og 7-6 (2).
- Klager over avgjørelser om permisjon og fravær, samt om helt eller delvis tap av studieretten, jf. forskrift om studium og eksamen ved HVL
- Klager i forbindelse med valg av representanter og ombud ved Høgskulen på Vestlandet
- Saker etter universitets- og høyskolelovens §§ 3-7 (8), 4-7 (1) og (2), 4-8 (1) -(3), 4-9 (5), 4-10 (3).
- Saker etter universitets- og høyskolelovens § 4-13 (2) og (4)
- Klagesaker i henhold til bestemmelsene om klage i "Forskrift for graden philosophiae doctor (Ph.d) ved Høgskulen på Vestlandet"»

Klagenemnda gjer vedtak med simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap har leiar dobbeltstemme. I saker som gjeld utestenging og bortvising etter uhl. § 4-8 (1)-(3) og utestenging etter skikkavurdering etter uhl. § 4-10 (3), gjer klagenemnda vedtak med to tredels fleirtal.

## Samansetting

Universitets- og høgskulelova § 5-1 pkt. (2) og (3) gjev føringar for samansetting av nemnda:

«(...)

*(2) Klagenemnda skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Leder og varamedlem for leder skal fylle de lovbestemte krav for lagdommere. Leder og varamedlem for leder skal ikkje være ansatt ved institusjonen. To av medlemmene skal være studenter.*

*(3) Representanter for institusjonens eier eller medlem av institusjonens styre kan ikkje være medlem av klagenemnda.»*

I perioden 01.01.20 – 31.08.20 har klagenemnda hatt følgjande samansetting:

*Medlem og personleg varamedlem*

Lagdommar Beate Blom (leiar)	Sorenskrivar Håkon Rastum (vara for leiar)
Høgskulelektor Åshild Havnerås	Vara: Jorunn Steensnæs
Førstemanuensis Sven Olai Høyland	Vara: Førstelektor Jan Morten Loftesnes
Jelle Sebastian Bruin (studentrepresentant)	Vara: Ingen kandidat til val vår 2020
Maren Gullvåg Aasen (studentrepresentant)	Vara: Ingen kandidat til val vår 2020

I perioden 01.09.20 – 31.12.20 har klagenemnda hatt følgjande samansetting:

*Medlem og personleg varamedlem*

Sorenskrivar Håkon Rastum (leiar)	Lagdommar Beate Blom (vara for leiar)
Høgskulelektor Åshild Havnerås	Vara: Professor Catharina R. Christophersen
Førsteamanuensis Sven Olai Høyland	Vara: Høgskulelektor Alfred Limstrand
Lovise Vedvik (studentrepresentant)	Vara: Ingen kandidatar til val haust 2020
Adrian Helgheim (studentrepresentant)	Vara: Jelle Sebastian Bruin (studentrep.)

## Saker til handsaming i 2020

Klagenemnda har i 2020 handsama 117 saker. Sakene fordelte seg slik:

Sakstype	Tal på saker
Klagesaker	68
Mistanke om fusk	43
Merknad på politiattest	6
<b>Totalt</b>	<b>117</b>

**Tabell 1** Saker handsama i klagenemnda i 2020

Tabellen under viser fordeling av sakstype og utfall på dei fire fakulteta<sup>1</sup>.

Sakstype og utfall fordelt på fakultet	Klagar, medhald	Klagar, ikkje medhald	Fusk, annullering	Fusk, annullering og utestenging eit semester	Fusk, annullering og utestenging to semester	Fusk, frifinning	Opptak falskt vitnemål	Politiattest	Talet på saker per fakultet
FIN	1	10	3	2	1	6			23
FHS	3	19	3	2		1		5	33
FLKI	8	21	3	8	2			1	43
FØS	2	4	6	6					18
<b>Totalt</b>	<b>14</b>	<b>54</b>	<b>15</b>	<b>18</b>	<b>3</b>	<b>7</b>		<b>6</b>	<b>117</b>

**Tabell 2** Sakstype og utfall fordelt på fakultet

Tabellen under viser at fordeling av saker mellom fakulteta sett i høve til talet på registrerte studentar ved det einskilde fakultet.

Fakultet	Prosentvis fordeling av saker mellom fakulteta handsama i klagenemnda i 2020	Prosentvis fordeling av registrerte studentar mellom fakulteta i 2020*
FIN	19,66 % (23 saker)	19,79 % (3 215 studentar)
FHS	28,21 % (33 saker)	28,62 % (4 650 studentar)
FLKI	36,75 % (43 saker)	37,40 % (6 075 studentar)
FØS	15,38 % (18 saker)	14,19 % (2 305 studentar)
<b>Totalt</b>	<b>100 % (117 saker)</b>	<b>100 % (16 245 studentar)</b>

**Tabell 3** Fordeling av saker mellom fakulteta sett i høve til talet på registrerte studentar ved det einskilde fakultet.

\*Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning, Registrerte studentar ved HVL, haust 2020

<sup>1</sup> FIN=Fakultet for ingeniør- og naturvitskap, FHS=Fakultet for helse- og sosialvitskap, FLKI=Fakultet for lærarutdanning, kultur- og idrett, FØS=Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap

Korte kommentarer til nokre av sakstypene med døme på saker følgjer under:

### **KLAGESAKER**

Klagenemnda har handsama 68 klagesaker. Seks av desse sakene gjeld klagehandsaming av vedtak om utestenging, der fire av desse klagenes blei vidaresendt til Felles klagenemnd. For dei øvrige 62 sakene følgjer det av uhl. § 5-1 (5) at klagenemnda sine vedtak er endelege og ikkje kan klagast på.

Det totale talet på klagesaker ved høgskulen er mest truleg høgare enn saker som klagenemnda ved HVL handsamar. Dette skuldast for det første at nokre typar klagar skal vurderast av andre organ. Til dømes skal klage som gjeld opptak til grunnstudium handsamast av nasjonal klagenemnd under samordna Opptak. For det andre kan det totale talet på klagesaker ved institusjonen vere høgare enn tala frå klagenemnda, sidan det enkelte vedtaksorganet har mynde til å gjere om sine egne vedtak. Dersom vedtaket vert endra av førsteinstans, går ikkje saka vidare til klagenemnda jf. forvaltningslova § 33, heller ikkje som orienteringssak. Det finst difor inga oversikt over kor mange klagar som er tatt til følgje i førsteinstans.

Tabellen under viser ei oversikt over kva typar klagesaker nemnda har handsama i 2020.

Saksfelt	Tal saker 2020	Medhald	Ikkje medhald
Formelle feil ved eksamen	16		16
Formelle feil ved praksis	6	3	3
4. gangs forsøk eksamen	3	1	2
3. gangs forsøk praksis	2	1	1
Tilrettelegging eksamen/praksis	4		4
Tap av studierett	6	3	3
Klage på vedtak om annullering/utestenging	7	4	3
Klage på vedtak om utestenging frå praksis (politiattest)	1		1
Opptak	6	1	5
Anna	17	1	16
<b>Tal klagesaker</b>	<b>68</b>	<b>14</b>	<b>54</b>

**Tabell 4** Oversikt over klagesaker handsama av klagenemnda i 2020

### **Klage på formelle feil ved eksamen/prøve**

Klagenemnda har i alt handsama 16 klagar på formelle feil ved avvikling av eksamen. Det går fram av universitets- og høgskulelova § 5-2 første og andre ledd at:

*"Den som har vært oppe til eksamen eller prøve, kan klage over formelle feil innen tre uker etter at han eller hun er eller burde vært kjent med det forhold som begrunner klagen.*

*Hvis det er begått feil som kan ha hatt betydning for kandidatens prestasjon eller bedømmelsen av denne, skal sensurvedtaket oppheves. Hvis feilen kan rettes opp ved ny sensur av innleverte arbeider, foretas ny sensurering. I motsatt fall holdes ny eksamen eller prøve med nye sensorer."*

Klagenemnda stadfesta førsteinstansen sitt vedtak i alle sakene.

Feil i eksamensoppgåve, feil ved gjennomføring av munnleg eksamen og feil ved sensur og klagesensur er tema i dei aller fleste klagane innan dette saksfeltet.

### **Klage på formelle feil ved praksis**

Sensurvedtak ved praksisstudiar kan ikkje klagast på, jf. universitets- og høgskulelova § 5-3 (5): «*Bedømmelse av muntlig prestasjon og vurdering av praksisstudier eller lignende som etter sin art ikke lar seg etterprøve, kan ikke påklages*».

I fem av klagesakene vart det gjort gjeldande påstand om formelle feil ved gjennomføring av praksis. Påstand i desse sakene var at rettleiinga klagar fekk i praksis ikkje var fagleg adekvat. I to av sakene fekk klagar medhald som følgje av at varsel om ikkje bestått praksis ikkje var gitt i tråd med forskrift om studium og eksamen ved HVL § 10-7. Desse fekk tilbod om ny praksis.

### **Søknad om å få avlegge eksamen for fjerde gong**

Hovudregelen er at ein student ikkje kan framstille seg til eksamen i same emne meir enn tre gonger. I særskilte tilfelle kan høgskulen etter søknad, gje dispensasjon til eit fjerde eksamensforsøk, jf. forskrift om studium og eksamen ved HVL § 11-5.

Klagenemnda har handsama tre saker om eit fjerde eksamensforsøk. Her fekk éin klagar medhald.

### **Søknad om eit tredje forsøk i praksis**

Hovudregelen er at ein student har rett på to forsøk i praksis. Høgskulen kan i særskilte tilfelle gje dispensasjon til eit tredje forsøk, jf. forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet § 10-12.

Klagenemnda har handsama to saker om nytt praksisforsøk. Her fekk éin klagar medhald.

### **Klage på vedtak om tap av studierett**

Nemnda har handsama seks saker som gjeld klage på vedtak om tap av studierett grunna manglande semesterregistrering/betalt semesteravgift.

I tre av sakene fekk klagar medhald. I desse sakene fann nemnda at inndraging av studierett ville ramme studenten uforholdsmessig hardt.

### **Opptak**

Den nasjonale klagenemnda, under Samordna Opptak, handsamar ikkje klagar som gjeld lokale opptak eller klagar over vedtak om opptak på grunnlag av realkompetanse. Klagar på slike vedtak vert handsama i samsvar med den klageordninga som er etablert ved den enkelte lærestaden, jf. forskrift om opptak til høgare utdanning (FOR-2017-01-06-13) § 8-1 (2). Det er difor høgskulen si klagenemnd som handsamar slike klagar.

Klagenemnda har handsama seks saker. Av desse gjaldt tre av sakene vidareutdanning og tre saker gjaldt PPU-Y deltid. Klagenemnda stadfesta førsteinstansen (dvs. opptakskontoret) sitt vedtak i fem av sakene. I éi sak, sak om opptak til PPU-Y deltid, fekk klagar medhald.

## **MISTANKE OM FUSK**

Styret har delegert til klagenemnda å avgjere saker som gjeld mistanke om fusk, jf. universitets- og høgskulelova § 4-7. Det er klagerett på vedtak om annullering og/eller utestenging til Felles klagenemnd. Ifølgje universitets- og høgskulelova skal vedtak om fusk og utestenging registrerast i RUST – *Register for utestengte studentar*.

Med heimel i uhl. § 4-7 (1) bokstav b og uhl. § 4-8 (3), kan det reagerast med annullering av eksamen eller prøve og utestenging med tap av retten til å gå opp til eksamen inntil eitt år. I saker der det vert gjort vedtak om utestenging blir det òg vedtak om annullering. Vedtak om annullering og utestenging vert gjort uavhengig av om prøven eller eksamenen er vurdert til «ikkje bestått» eller stryk ved sensur.

Skuldkravet i fuskesaker er delt i to; den objektive og subjektive sida. Objektiv skuld inneber at vilkåra for utført fuskhandling er oppfylt. Subjektiv skuld inneber at studenten handla grovt aktlaust eller forsetteleg då dei faktiske handlingane vart utført. For forsøk og medverknad til fusk er det krav om forsett.

Det følgjer av praksis i Felles klagenemnd at hovudregelen er vedtak om annullering av eksamen og utestenging i to semester (inntil 12 månader) i dei fleste tilfelle der det ligg føre forsettleg fusk, medan grov aktløyse i dei fleste tilfelle fører til annullering av eksamen og utestenging i eitt semester (inntil seks månader).

Saker om fusk delar seg i fleire kategoriar. Fusk kan gjennomførast i eksamenslokalet der studenten har tilgjengeleg ulovleg hjelpemiddel, som for eksempel ordbok der det er innarbeida notat, kalkulator med ulovlege funksjonar, notat/bøker eller mobiltelefon. Under heimeeksamen og/eller obligatoriske innleveringar, kan fusk gjennomførast ved plagiering ved å kopiere frå bøker, internettkjelder eller andre sitt arbeid utan bruk av sitatteikn og/eller direkte referansar i teksten. Plagiat frå eigne tidlegare eksamensarbeid blir òg rekna som fusk. Vidare blir det rekna som fusk om studenten lar andre gjennomføre eksamen for seg, samarbeider ulovleg med ein annan eksamenskandidat, eller skaffar seg tilgjenge til eksamen ved å fuske på ein obligatorisk læringsaktivitet som er vilkår for å gå opp til eksamen.

Klagenemnda handsama i 2020 totalt 43 saker knytt til mistanke om fusk.

I 22 saker gjaldt mistanken mot studenten plagiat ved anten innlevering av obligatorisk læringsaktivitet eller heimeeksamen/bacheloroppgåve. I 16 saker gjaldt mistanken ulovleg samarbeid under heimeeksamen. Saker om ulovleg samarbeid er knytt til kvar enkelt student, og er i 2020 fordelt på seks tilfelle av samarbeid. Nemnda har òg handsama fire saker om bruk av ulovleg hjelpemiddel under heimeeksamen, og éi sak der det var mistanke om at studenten hadde latt andre gjennomføre eksamen for seg.

Fordeling av reaksjon er vist i tabell 2 over. Fem studentar klaga på vedtaket. Av desse klaga fire studentar på vedtak om annullering og utestenging i eitt semester, og éin student klaga på vedtak om annullering og utestenging i to semester.

Etter forvaltningslova § 33 skal høgskulen si klagenemnd vurdere klagen som førsteinstans. Dersom vedtaket ikkje vert endra, vert saka sendt vidare til vurdering i Felles klagenemnd.

I klagane på vedtak som gjaldt annullering og utestenging i eitt semester omgjorde klagenemnda to av vedtaka til studentens gunst, medan to av sakene blei sendt til Felles klagenemnd. Felles klagenemnd gav studentane medhald. Klagen som gjaldt klage på vedtak om annullering og to semester blei òg sendt til Felles klagenemnd. I denne saka stadfesta Felles klagenemnd høgskulen sitt vedtak.

### **MISTANKE OM FALSKT VITNEMÅL**

Styret har delegert til klagenemnda å avgjere saker som gjeld mistanke om bruk av falskt vitnemål, jf. universitets- og høgskulelova § 4-7 (1).

Klagenemnda har i 2020 ikkje hatt slike saker til handsaming.

### **MERKNAD PÅ POLITIATTEST**

For studiar ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) der det er praksis eller klinisk undervisning, som inneber at studenten kan komme i kontakt med mindreårige eller andre sårbare grupper, er det krav om avgrensa politiattest ved opptak, jf. uhl. § 4-9 og politiregisterlova § 39.

Dersom det er ein eller fleire merknader på politiattesten, blir saka fremma for klagenemnda. Nemnda avgjer om studenten får delta i praksis og klinisk undervisning, eller om studenten skal stengast ute frå dette. Eit vedtak om utestenging frå praksis og klinisk undervisning på utdanninga betyr ikkje at studenten tapar studieretten. Likevel er tap av studierett ofte ein konsekvens på grunn av progresjonskrav på utdanninga. Krav til progresjon i utdanninga kan medføre at studenten i realiteten ikkje vil kunne fullføre studiet.

I 2020 har klagenemnda handsama seks saker om merknad på politiattest. I tre av sakene gav klagenemnda studenten høve til å delta i praksisstudiar.

### **SKIKKAVURDERING**


Styret har delegert til klagenemnda å avgjere saker som fell inn under universitets- og høgskulelova § 4-10, utestenging etter skikkavurdering.

Klagenemnda har i 2020 ikkje hatt slike saker til handsaming.

### **Samanlikning med tidlegare år**

Utviklinga i tal på saker handsama i nemnda i perioden 2015-2020 (for 2015 og 2016 er tal frå klagenemndene ved tidlegare HiSF, HSH og HiB nytta) ser slik ut:

## Utvikling i tal på saker handsama i klagenemnda 2015-2020 fordelt på saksfelt



**Figur 1** Utvikling i tal på saker som er handsama av klagenemnda ved HVL i 2017- 2020 fordelt på saksfelt. Tal for 2015 og 2016 er henta frå tidlegare årsmeldingar frå klagenemndene ved HiSF, HSH og HiB. <sup>2</sup>

Vi ser at talet på saker i klagenemnda har vore nokså jamt i perioden 2017-2019. I 2017 handsama nemnda 71 saker, i 2018 80 saker og i 2019 74 saker. I 2020 handsama nemnda 117 saker, noko som er ei markert auke frå tidlegare år.

I tillegg til at sakene er mange, er dei også ofte komplekse. Dette inneber at både sekretariat og nemnda sine medlemar bruker mykje tid og ressursar på nemndsarbeidet. Sekretariatet har i 2020 bestått av tre sakshandsamarar som har hatt ein del av si stilling knytt til sekretariatsfunksjonen.

### Advokatrepresentasjon og salær

I saker der høgskulen reiser sak om utestenging mot ein student, har studenten etter universitets- og høgskulelova §§ 4-8, 4-9 og 4-10 rett til å få utgifter til advokatbistand dekt av høgskulen.

I klagesaker har studenten som hovudregel ikkje rett til å få dekka sakskostnadane sine dersom dei ikkje får medhald i klagen. Dei som får medhald, kan få eventuelle sakskostnader dekkja etter nærare reglar i forvaltningslova § 36.

<sup>2</sup> Ein stor del av fuskesakene i 2015 og 2016 er knytt til eit spesifikt kull ved ein av dei tidlegare høgskulane.



Samla utgifter til advokatsalær i 2020 var kr 218 676.

### **Avsluttande merknader frå klagenemnda**

Klagenemnda gir gjennom sine vedtak uttrykk for tolking av regelverk og praksis, og i nokre saker generelle fråsegn om sakshandsaminga i fellesadministrasjonen og fakulteta. Det kan òg gjelde saker der klagar ikkje får medhald. Sjølv om desse ikkje er bindande for institusjonen, vert det likevel registrert at fråsegna vert tekne i mot som positive innspel, og at desse har medverka til endring av praksis i høgskulen.

Klagenemnda har merka seg at sakshandsamingstid hjå førsteinstansen i nokre tilfelle trekk ut i tid. Nemnda minner om forvaltningslova si føresegn i § 11 a: *Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold.*

Klagenemnda, februar 2021

(sign.)

Beate Blom  
leiar

(sign.)

Stian Nessestrand  
for sekretariatet